



Sirdalsskulen - mål og strategiar

2022/2026

Innleiing:

"Sirdalsskulen - mål og strategiar" er eit overordna kommunalt styringsdokument for vaksenopplæringa og dei to grunnskulane i Sirdal, Sinnes skule og Tonstad skule.

Dokumentet byggjer på nasjonale føringar og kommunale handlingsplanar og felles oppvekstplan Lister, og det dannar grunnlaget for skulane sine pedagogiske verksemds- og kvalitetsutviklingsplanar.

Overordna del av læreplanverket slår fast: "Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over felles verdier, og vurderer og videreutvikler sin praksis". Ein lærande organisasjon legg til rette for kontinuerlig kvalitetsutvikling på skulenivå og i heile skuleeininga Ein lærande organisasjon legg til rette for kontinuerleg kvalitetsutvikling på skulenivå og i heile skuleeininga. I arbeidet med å utvikla profesjonsfellesskapet, blir profesjonsutøvinga bygd på felles forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag.

Skulane sin eigenart blir tatt i vare ved at den einskilde skule vektlegg sine eigne, prioriterte område.

Føremålet med opplæringa (opplæringslova):

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gje innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Visjon for Sirdalsskulen:

"Ein god stad å vera - ein god stad å læra"

I Sirdalsskulen er det eit godt læringsmiljø. Det er eit trygt miljø for alle elevar, der alle syner omtanke for kvarandre og omgjevnadene. Dei syner tillit, ærlegdom, open framferd, rettferd og lojalitet. Alle i skulemiljøet står fram som positive og gode førebilete.

Sirdalsskulen har eit godt fysisk miljø som gir rom for læring og aktivitet både inne og ute. Det er tydeleg leiing av klassar, god undervising, kommunikasjon og sosial omgang.

Det er god dialog og eit godt samarbeid mellom elevar, deltakarar ved vaksenopplæringa, foreldre, føresette, tilsette og skuleleiarar.

Det er stor breidd i den pedagogiske kompetansen. Det vert lagt vekt på god praksis og kultur for læring.

Sirdalsskulen legg til rette for at elevar, deltakarar, foreldre, føresette, rådsorgan, tilsette og skuleeigar er aktive samarbeidspartnarar for å vidareutvikla Sirdalsskulen som ein lærande organisasjon.

Satsingsområde:

Mål 1: Utvikling av organisasjonen

Sirdalsskulen er eit profesjonsfellesskap som stimulerer til kollektiv læring, der leiarteam samhandlar på alle nivå

KJENNEMERKE:

- Tilsette reflekter over felles verdiar og vidareutviklar pedagogisk praksis
- Pedagogisk praksis bygger på forskning og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag
- Skulane involverer tilsette, elevar, foreldre og føresette i utviklingsarbeidet
- Heim-skule-samarbeidet er prega av god informasjon for å gje elevane ein best mogleg skulekvardag
- Alle tilsette har god kompetanse og kan gjera seg nytte av kvalitetssystem som t.d. Visma flyt skule
- Skulane har gode verktøy for vurdering, dvs. nasjonale og lokale vurderings- og kvalitetssystem som nasjonale prøver og nasjonale og lokale trivselsundersøkingar.
- Skulane syter for at resultata frå vurderings- og kvalitetssystema blir analyserte og drøfta i dei ulike rådsorgana, og følgde opp vidare
- Forbetringstiltak som er utarbeidde, vert følgde opp av alle involverte

Mål 2: Trygt og godt læringsmiljø

Elevane i Sirdalsskulen lærer og meistrar i eit inkluderande og trygt miljø.

KJENNEMERKE:

- Elevar og vaksne møter kvarandre med gjensidig respekt
- Alle elevane opplever dagleg positiv merksemd frå vaksne
- Elevane er involverte i trivselsfremjande tiltak i skulen, kulturelle og faglege
- Skulane fremjar god psykisk helse, og skapar robuste elevar
- Skulane arbeider aktivt og målretta for at ingen opplever krenkjande åtferd på eller til og frå skulen
- Skulane følgjer prosedyrar i høve til opplæringslova § 9a om elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø
- Foreldre/føresette omtalar skulen på ein positiv måte, deltek på foreldremøte/ utviklingssamtalar og viser interesse for alle elevane sitt skulemiljø/sin skulekvardag

Mål 3: Eleven si læring og meistring av dugleikar

Opplæringa er prega av høg fagleg kvalitet og inkludering, som fører til at eleven når sitt læringspotensiale.

KJENNEMERKE:

- Dei grunnleggjande dugleikane pregar opplæringa i alle fag
- Undervisinga er praktisk, variert, relevant og utfordrande på tvers av klassar og trinn
- Alle elevar opplever å vera ein del av eit mangfaldig fellesskap
- Skulane nyttar ulike læremiddel og metodar som fremjar medverknad og meistring der elevane er aktive i planlegginga og påverkar metodar og arbeidsmåtar
- Undervisinga stimulerer elevane sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring
- Lærarar og foreldre/føresette har tydelege og realistiske forventningar og støttar barna si læring og skulegang
- God klasseleiing bygger på innsikt i elevane sine behov, varme relasjonar og profesjonell dømmekraft
- Skuleeigar og skulane samarbeider om kompetanse- og skuleutvikling

Tiltaksplan:

(Der ansvarleg er fastsett, står det i parentes bak tiltaka)

1. Vidareutvikla lesing i alle fag
2. Gje informasjon om skulen og satsingsområda på foreldremøta
3. Skulane brukar systema/rutinane i "Bedre Tverrfaglig innsats" (BTI)
4. Lærarane blir oppmoda til vidareutdanning gjennom "Kompetanse for kvalitet"
5. Nyutdanna og nytilsette får tilbod om mentor
6. Lærarane får tilbod om kurs via Lister pedagogiske senter eller andre aktørar
7. Satsingsområda blir jamleg tekne opp på den einskilde skule (skuleleiinga)
8. Felles plandagar etter avtale (einingsleiar/skuleleiinga)
9. Skuleleiarane deltek i leiaropplæringa i regi av Lister pedagogiske senter (~~rektor~~ einingsleiar)
10. Elevundersøkinga, sosial, lokal undersøking/trivsels-undersøking og elevane sine læringsresultat, og tiltaka i denne planen, vert drøfta i klassane og samarbeidsutvala/SU (skuleleiinga)

Gjennomføring av mål og strategiar i Sirdalsskulen:

a. Kvalitetsutviklingsplan

Rektor har ansvar for at den einsskule skulen lagar sin kvalitetsutviklingsplan på bakgrunn av måla i "Sirdalsskulen – mål og strategiar". Planen blir utforma i ein felles mal, med:

- mål for året, med kjenneteikn på måloppnåing, inkludert resultatmål
- tiltaksplan med ansvar
- plan for evaluering av kvalitetsutviklingsplanen og måloppnåing

b. Rapportering

Skulane vurderer i kor stor grad dei har nådd oppsette mål, og rapporterer til kommunalt nivå innan **15. juli** kvart år.

Skuleeigar har eit særskilt ansvar for:

- å følgja opp resultat av dei statleg initierte vurderingssystema (Elevundersøkinga, nasjonale prøver), statleg ordning for vidareutdanning og dei kommunalt prioriterte områda (einingsleiar)
- ressursar til deltaking i ekstern skulevurdering jamfør plan frå Lister pedagogiske senter
- arbeida aktivt for å få til lærande prosessar og utvikling i skulen (einingsleiar)
- leggja tilhøva til rette for at måla i planen kan verta nådde
- evaluering av planen i kvar kommunestyreperiode

Forpliktande dokument planen byggjer på:

- Opplæringslova
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringsloven>
- Føreskrifter til opplæringslova
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724?q=oppl%C3%A6ringslov>
- Kunnskapsløftet LK20
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/>
direkte til overordna del
<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>
- Stortingsmelding 28 Fag- Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/sec1>
- Stortingsmelding 21 Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-21-20162017/id2544344/>
- Stortingsmelding 6 – Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

Kjelder:

Hattie, J. (2009): *Visible Learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. London, Routledge

Nordahl, Thomas m.fl (2018): *Inkluderende fellesskap for barn og unge. Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging*.

Politisk forankring:

- Planen er vedteken i kommunestyret 13.12.12.
- Planen er revidert og vedteken av kommunestyret 22.06.17
- Planen er revidert og vedteken av kommunestyret 10.11.22